

KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 7/8

Jula 1990

44. ÅRG.



*Og Simeon velsigna dei og sa til Maria, mor hans, :
"Sjå, han er sett til fall og oppreising for mange
i Israel, og til eit teikn som vert motsgat. Saleis
skal dei tankar mange hyser i hjarta, koma fram i
dagen. Men gjennom di sjel skal det og gå eit sverd."*

Lukas 2, 34-35.

Julehelsing frå soknepresten

No rett før jul kom meldinga om uro ved Dale A/S. Mange arbeidstakarar der er redde for å mista arbeidsplassane sine. Nokre sa opp jobben sin fordi dei var usamde med leiinga i denne verksemda korleis ein skal få Dale A/S til å driva med overskot. Dette kan eg godt skjønna. Sidan eg kom hit for fem år sidan, har det ikkje gått så godt med denne viktige hjørnesteinsverksemda i vår kommune. I 1985 var arbeidsstokken på 550 tilsette, fekk eg opplyst den gong. I dag er det litt færre enn 400 tilsette. Talet på dei tilsette går ned. Mange spør seg: Korleis vil dette gå?

Ingen som har familie, heim og arbeid her på Dale og bur her eller i nærleiken, ynskjer friviljug å mista arbeidet sitt. Kva kan vi gjera for å hindra det?

Eit av dei tiltak som er sette i sving dei seinare åra, er Dalevern. Det kan henda at vi kan greia å tryggja arbeidsplassane mellom anna ved å kjøpa fleire aksjar i Dalevern. Denne idéen og dette tiltaket er godt. Men spørsmålet er: Klarer vi å kjøpa nok aksjar slik at folk- et her får aksjemajoriteten? Det er ikkje så lett å nå dette målet. For dei fleste arbeidstakarar blant oss er lågt- lønte og har lita økonomisk evne til å kjøpa så mange aksjar. Det er ikkje fritt for at vi av og til kan kjenna oss veikje og avmektige.

Korleis kan vi då feira ei trygg og fredeleg julehelg når vi er redde for arbeidsløysa? Kan julebodskapen om Jesu fødsel gje oss hjelp i kampen mot arbeidsløysa?

Julebodskapen er i ein hovudsum at Gud i Jesus Kristus vart menneske. Då han vart fødd julenatta i Betlehem, kom han hit til verda mellom anna for å dela våre harde livsvilkår i naud og fatigdom. Dette store under at Gud vart menneske i Jesus Kristus inneber ikkje berre den glade bodskapen om fred og fridom, men også bodskapen om at Gud vil hjelpa dei låge, avmektige og makteslause og arbeidslause i vårt samfunn.

NOKRE TANKAR OM ARBEIDSLØYSE OG HELG I JULA 1990

For då jomfru Maria hadde fått melding frå engelen om at ho skulle verta mor til verda si Frelsar, sa ho:

"Guds miskunn varer frå ætt til ætt for dei som har age for han. Storverk gjorde han med sin sterke arm; han spreidde dei som bar på hovmodstankar, og støytt stormenn ned frå trona, men lyfte dei låge opp. Han metta dei svoltne med gode gaver, men sendte dei rike tomhendte bort." (Lukas 1, 50-53).

Difor trur eg at vi kan feira ei trygg og fredeleg julehelg utan otte for å mista arbeidsplassane våre når vi går til Jesus Kristus og bed han om hjelp. Vi kan be han om hjelp mot den undertrykking, utbyting og stripping som vi er redde for skal skje med den viktigaste arbeidsplassen i kommunen vår. For Jesus Kristus er sterkare enn kapitalmakta. Han står alltid på sida åt dei veikje og avmektige. Han vil gje oss vilje og mot til å kjempa imot urettferd i lokalsamfunnet vårt.

Så lat oss då be til Jesus Kristus for kvarandre no i denne julehøgtida, så vi kan stå saman og vinna mot og åndeleg styrke i kampen mot arbeidsløysa. For når vi vinn mot og tryggleik hjå Jesus Kristus, vil vi og vinna siger mot dei kreftene som trugar med å ødeleggja lokalsamfunnet vårt.

Med desse orda vil eg ynskje dykk alle frå meg og mine ei velsigna julehøgtid!

Hjarteleg helsing

Inge Christian Meidell
sokneprest



Julens to nøkler

Det jeg gjerne ville si til dere i dag, er at akkurat som kirken kan låses opp og kan låses igjen, så kan også selve julen og jule-evangeliet låses opp og låses igjen.

Men det rare er at til det trengs det to forskjellige nøkler. Med én nøkkel kan du åpne julen, med en helt annen kan du låse den igjen.

Vet du hva disse to nøklene heter? Den nøkkelen som åpner julen heter takknemlighet. Det er den eneste nøkkelen som passer i låsen.

Jeg er sikker på at takknemlighet var navnet på den stemningen som rådet ved krybben julenatt. De visste ikke så mye den første julenatt. De visste ikke alt det vi nå vet om Jesus. Men for Guds gaver var de takknemlige.

Den andre nøkkelen heter selvfølgelighet.

Alle som har sluttet å undre seg over at vår Herre var et barn julenatt, over at så har Gud elsket verden at han gav sin sønn, slike mennesker mister julen, får ikke øye på den.

Selvfølgelighet er julens fiende, selvfølgelighet låser julen igjen. En gave som du mottar med selvfølgelighet, skaper ingen glede, verken for deg eller for ham som gav den.

Det står skrevet en vakker beretning om stjernen som ledet tre vise menn fra Østerland til Jesus.

Hva med oss uvise fra Vesterland, kan vi finne fram?

Det finnes en ledestjerne enda. Om du i år tar imot julen med et takknemlig hjerte, da blir takknemligheten en lysende ledestjerne som fører deg til Jesus.

Da kommer vi til ham som alene kan skape jul i våre hjerter.

KARSTEN ISACHSEN

Frå "Gjester som ikke vil gå"

FORSIDEBILETET

er eit av LAGSKORTA som Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag gjev ut. Det er motiv nr. 17. Dei er ikkje i sal i bokhandel, men du kan skriva til dei og få tilsendt ei fin brosjyra med alle korta på. Det er verkeleg fine kort med kristne julemotiv og tekstar.

Adr.: Postboks 6707 St. Olavs Plass
0130 Oslo 1



HEIDNINGE-JOL

Av Biskop Per Lønning

"Jola er eigentleg ein fest for heidningar." Dette er det minst to flokkar mellom oss som hevdar. Me høyrer frå folk som soknar til Heidningsamfunnet: "Jola er ikkje noko anna enn vårt gamle Midtvinters-blot frå før-kristen tid. Dette med krubbe og klokkeklang er berre ein forklenad. Det er solvending og grøderikdom folk held fest for i dag òg: øl flyt og flesk fløymer til øre for Moder jord."

Og me høyrer frå Jehovas Vitne i sitt stridsglade Vaktårn: "Jola var ei gammal heidersk høgtid i Romarriket, festen for Sola den Sigersøle. Ei verdsleggjond og media-mektig kyrkje rana til seg den populære folkefesten for å stynkja posisjonen sin, og ho lukkast så det berre stod etter. Men kvar er det påbode å halda jol i Bibelen?"

Kva skal kyrkja svara til slike åtak? Lat det berre vera sagt: Bibelen melder oss korkje dato eller årstid for Jesu fødsel, og ikkje var det vanleg å rekna årsmålsdagar på den tid. Påske har kyrkja høgtida frå fyrste stund - pins-ti visseleg òg - men jola kom fyrst til som kyrkjehøgtid i det 4. hundre-året. Og det tykkjest klart nok at tidspunktet på året var valt nett utfrå solvendet og den gamle ljós-festen.

Ja, så er det då rett: Jola er ei heidninge-høgtid? Så kan seiast - dersom me sjølve gjer ho til det. Men heilt så medvitslaust var det ikkje kyrkja valde seg ljós-festen den mørkaste veka i året. Hadde ikkje Meisteren sjølv sagt: "Eg er ljøset for verda." (Joh. 8.12) og i same andedraget: "Den som fylgjer meg, skal ikkje ferdast i mørkret, men ha livsens ljøs"? Barnet frå jolenått var ikkje ein kven-som-helst som dukkar umeld opp i saga. Han er sjølv det ljøs menneskeætta ope eller umedvite venta på. Når Johannes-evangelisten kallar han for Ordet (Joh. 1.1) var dette ei velkjend nemning i heidninge-verda. Ordet - Logos - tydde: skapartanken, verdsens mål og meining, klårleiken som alle menneske leitar og famlar etter.

Hadde Johannes fått høyra om jole-høgtida som skulle finna form 300 år etter hans tid, trur eg han ville ha sagt: "Ja, sjølv sagt! Ingenting er meir meiningsfullt. Ljøs-fest midt i vintermørkret speglar ein stor lengt og eit sparingsfullt spørsmål nedlagt i oss av Skaparen sjølv. Berre ille at heidningane tek spørsmålet for sitt eige svar og dermed slår seg til tøls utan verkeleg livsoppklåring! Gjer Jesus Kristus til hjarta i høgtida, og meininga er funnen!"

Sakte er der heidningar ute og set farge på jole-evangeliet òg. Den første var keisar Augustus. Lite tyder på at det hadde vorte noka Betlehems-ferd utan han. På tampen kjem dei tre vismennene frå Austerland, dei som fylgde stjerna på si leiting etter ein ukjend kongsson.

Jola vender seg ikkje berre til eit einskilt folk, men til verda, til menneske-ætta. Ikkje berre til dei kyrkje-trugne og bibelkunnige, men til alle som ikkje trengjer til sides det alt-sprengjande spørsmålet dei ber på. Heidningar er ikkje unntekne. "Det som de tilbed utan å kjenna det, det er det eg forkynner dykk", preika apostelen i verdsbyen Athen. Profeten som 700 år før Jesu fødsel spådde om "det store ljøset" til å skina for folk i mørkret, peika serleg på "heidningane sitt Galilea" (Jes. 9, 1f): gledesodet er for folk i utkantane òg, det er for alle. Minus - åleine - dei sjølvforsynte.

Difor plagar det kyrkja lite at hennar kritikaner i aust eller i vest kallar jola "ein fest for heidningar". I trygg visse om kven Kristus er og kva Kristus vil oss, svarar me: "Så gjerne, så gjerne." Heidenskap i den arge meininga: gudloyse vert høgtida berre der menneske, mette og velnøgde, held gilde utan vilje til å ansa Bergingsmannen, verdsens von, livsens ljøs. For heidningar på veg vidare er det alltid von - dei vere seg gamal-romerske eller ny-norrøne. Fødde heidningar er me visst alle. Velsigna jol!

Dykkar Per Lønning

Jorda vårt drivhus

700 vitenskapsmenn frå 120 land var nyleg samla i Geneve. Dei vart svært samde om kva stoda er: Jorda har feber! Konferansen var overraskande samstemt om konklusjonen. Temperaturen på jorda vil stiga med omlag 0,3 grader kvart tiår. Dette er mykje meir enn naturen kan tåla.

Så nyttar det altså ikkje lenger å lukka att augo: Vi menneske - og særleg vi i dei rike landa - har gjort jorda sjuk. Vi har innretta oss med tanke på eit behageleg liv. Men vi risikerer i staden å gjera livet uholdbart for oss alle.

Dersom du lagar noko fint, mislikar. du om nokon kjem og øydelegg det. Men kva er det vi gjer? Vi riv ned og øydelegg det som Gud har skapt.

Guds bod talar til oss og sier: - Du skal ikkje slå ihjel! Men vi har innretta oss slik at både menneske og natur står i fare.

I vår verdsdel har vi sett på kommunismen som den store fienden. Men har vi gløymt vår eiga materialisme? Jesus åtvara oss mot fårene ved rikdom og pengejag. Han kalla oss ikkje til eit liv i behageleg nytting, men til eit liv i teneste for Gud og vår neste.

Det kostar ofte forsaking å gjera det som er rett. Slik vil det òg verta når vi i det rike Norge må leggja om kursen av omsyn til jorda vår.

Kjell Arne Norum




SALMEBOKA TILBAKE TIL HEIMEN

Norsk Salmebok bør bli årets julegåve. Salmeboka var tidlegare fast inventar i dei fleste heimane. Slik burde det framleis vera. Salmeboka er ikkje berre til høgtidsbruk. Den har ein like viktig funksjon heime til kvardags.

Dette meiner informasjonssjef Dag Kjær Smemo i Det Norske Bibelselskap/Verbum Forlag. Norsk Salmebok har no vore på marknaden i 5 år, og salet til kyrkjelydane har gått som ein venta. Men i Verbum Forlag er ein noko skuffa over bokhandel-salet til privatpersonar. Dette har biskopane tatt opp på bispemøtet i haust. Då dei drøfta saka "Salmeboka i alle heimar", sa biskopane mellom anna: - Når mange heimar i landet vårt framleis er utan den nye salmeboka, har nok dette for ein del med det å gjera at folk har vendt seg til at kyrkjene er rikeleg utstyrt med boka: ein treng ikkje lenger å ta med sitt eige eksemplar til gudstenesta. Men med det har ein hindra seg sjølv frå høvet til å leva seg inn i boka og gjort avstanden mellom heim og kyrkje lenger enn den var, og det ser dei på med uro. I vidaste meining fører det at folk er framande for salmeboka, til ein merkbar kulturell utarmning.

I dette høvet vil vi trekka fram at det er viktig å halda tradisjonen oppe: Kvart familiemedlem sin eigen salmebok! Du finn eit godt utval av ulike typer salmebøker i bokhandelen.



Den gamle julesangen

MARJATTA KURENNIEMI

Der kom det en som slepte seg fram langs veien. Det småregnet, og han frøs. En kjøttmeis satt med oppblåste fjør på en bjørkekvist.

- Hvem er du som sleper deg fram? spurte den.

- Jeg er Den gamle julesangen, svarte vandringsmannen. - Alle har glemt meg. Syng meg du, vesle kjøttmeis!

- Jeg da! Nå er jeg hes i stemmen. Og julesanger bryr jeg meg ikke om. Det er vårviser jeg liker.

Og kjøttmeisen fløy sin vei. Den gamle julesangen gikk trøtt videre. Da møtte den en Rik forretningsmann. - Jeg er en Gammel julesang. Du kunne meg godt da du var liten. Syng meg!

- Selv om jeg har kunnet deg en gang, så gjør jeg det ikke lenger. Klangen fra kassa-apparatet er den vakreste sang jeg vet. Gå din vei, jeg har ikke tid til prat, jeg må tenke på julesalget!

Og Den rike forretningsmannen gikk sin vei. Sangen fortsatte videre. Det blåste kaldt gjennom de tynne klærne.

Så møtte den en Travel frue. - Hva er du for en somlepave, sa fruen, hun kunne ikke fordra at ikke alle hadde det travelt.

- Jeg er en Gammel julesang. Mor din pleide å synge meg, du husker meg nok. Syng meg!

- Akkurat som jeg har tid til å synge julesanger NÅ, like før jul. Jeg må ha storrengjøring og salte juleskinke og bake julekaker og lute fisk og stryke juleduker og rulle og polere og skure og tørke støv og...

Mer hørte ikke Den gamle julesangen, for Den travle fruen var alt langt vekk.

Regnet holdt opp, det stivfrøs på bakken, og kulden tok til å bite, men ennå vandret Den gamle julesangen rundt og lette etter noen som ville synge den. Da møtte den en Berømt dikter. Den gamle julesangen ble glad.

- Jeg er en Gammel julesang, sa den til dikteren. - Du husker meg sikkert. Vil du ikke synge meg? Dikteren stanset.

- Jasså, en Gammel julesang? Men som du ser ut! Du er jo full av rim! Og avrytme! Som om jeg ville synge noe slikt! Jeg er en Berømt dikter, helt moderne. Sånn synger jeg:

- I ensomhet
trass i jeg ikke vet om du er
en grønn gul frost, stor, større, størst..

Den berømte dikterens stemme forsvant i det fjerne, for Den gamle julesangen løp sin vei, så fort den kunne.

Bedrøvet satte den seg på trappa til en liten stue. - Jeg kommer vel til å dø. Ingen husker meg eller vil synge meg.

Da kom en gammel kone på stien. Hun gikk og leide et lite barn.

- Se der, mormor, der sitter noen på trappa vår, sa barnet.

Mormor så med de gamle, slitte øynene, og selv om hun var nesten blind, kjente hun Den gamle julesangen igjen.

- Det er jo Den gamle julesangen, ropte hun. - Det var mormor som lærte meg den, og hun hadde lært den av sin mormor, så gammel er den!

- Syng meg, bad sangen lavt. Den orket ikke nær. - Men kom inn, kom inn, sa kona. Og sangen gikk inn i den fattige, varme stua.

Og kona tok til å synge med svak og sprukken stemme, og den lyse barnestemmen falt inn. Og Den gamle julesangen var ikke lenger en grå og fillet stakkar, men klar og strålende med kappe som skinte i glansen fra stjerner og lys.

Og det var som taket løftet seg på den vesle stua, og sangen bredte seg ut, og tonene skyndte seg fram over den mørke og triste jorden. Og hver som hørte den, glemt sin travelhet og bekymring og tok til å synge med. Sin barndoms gamle julesang.

Å DU HELLIGE, Å, DU SALIGE...

Frå "GJØR DØREN HØY" Adventsbok for hjem og skole.



Å du heilage, nådeberande
julefest med Guds fred på ny!
Dagen er runnen,
siger er vunnen!
Gled deg, å gled deg,
du kristenlyd!

Å du heilage, nådeberande
julefest med Guds fred på ny!
Krist kom med ære,
vår skal han vere!
Gled deg, å gled deg,
du kristenlyd!

Å du heilage, nådeberande
julefest med Guds fred på ny!
Kristus er frelsar,
han vi no helsar!
Gled deg, å gled deg,
du kristenlyd!



ORD OM BØN

Eg ber deg, Gud, korkje om helse eller sjukdom, korkje om liv eller død, men at du vil bruka mi helse og min sjukdom, mitt liv og min død til di ære og mi frelse.

- Du veit kva som gagnar. Du er Herre og Herskar, gjer berre min vilje eitt med din. Eg veit berré ein ting, Herre, at det er godt å lyda deg.

Blaise Pascal.

Vi har den føremon at bøna vår alltid blir høyrte; om det ikkje skjer etter vår vilje, så skjer Guds vilje, som er betre enn vår.

Luther.

La oss takka Gud for dei velgjerningar han alt har vist oss, like så vel som vi ber om velsigning for framtida.

Tenk ikkje for mykje på korleis du ber, - om du ber inderleg nok og varmt nok osv..

Tenk heller på at det er eit øyre i himmelen som skjønner kva du seier, og ein som er glad for å høyra deg.

Ein kristen på kne ser lenger enn ein filosof på tåspissane.

Erik Pontoppidan.

Å be er å lukka Jesus inn... så han får koma inn til vår naud og bruka sine krefter.

Ole Hallesby.

Korleis skulle du kunne ta vare på evna til å høyra når du aldri vil lyda: At Gud skal ha tid til deg, ser du visst som like sjølv sagt som at du ikkje skal ha tid til Gud.

Dag Hammarskiöld.

Gjer dykk inga sut for noko! Men legg alt de har å be om, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseing. Og Guds fred som går over alt vit, skal vara dykkar hjarto og tankar i Kristus Jesus.

Fil. 4, 6-7.

Bønn



Foldede hender kan ikke slå
ikke kaste den minste sten,
foldede hender kan ikke knuse
ikke gjøre en annen mén.

Lukkede øyne kan ikke sende sinte,
hatske, hånlige blikk —
lukkede øyne kan ikke stirre
misunnelig på det som andre fikk.

En munn som ber til den hellige Gud
er ikke samtidig skrytende, stor —
en munn som ber kan ikke spotte
ikke si spydige, harde ord.

Fold dine hender ofte til bønn
Lukk dine øyne — stille for Gud
be om litt av hans kjærlighet
når du går blant mennesker ut.

Da vil du se med mildere øyne
dine hender vil hjelpe andre i nød
da har du et smil å gi til alle
da har du forstått hva Mesteren bød.

Gretchen

Jesus sa: "Det de bed om i mitt namn, vil eg gjera, så Faderen skal verta herleggjord gjennom Sonen. Bed de om noko i mitt namn, så skal eg gjera det!"
Joh. 14, 13-14.

Kom, lat oss gjera opp vår sak! seier Herren. Om syndene dykkar er som purpur, skal dei verta kvite som snø; om dei er raude som skarlak, skal dei verta kvite som ull.

Jesaja 1, 18.

Matias Orheim-kveld i Vaksdal kyrkje 11. nov. ØNSKEDIKTET

Det var ikkje personen Matias Orheim som fyrst og fremst stod i sentrum av prost Arnfinn Haram sin presentasjon av "Guds trubadur", men verket hans, songane han skreiv, og det dei har å gje oss i dag.

Blant dei som var møtt fram til salmekvelden i Vaksdal kyrkje 11. november, var det ein del som hadde opplevd å høyra Matias Orheim, gjerne fleire gonger.

Han var fødd i Nordfjord og levde frå 1884-1958. Ei tid reiste han som talar og songar for Det Vestlandske Indremisjonsselskap. Seinare hadde han ein lang arbeidsdag - 50 år - i Norges Kristelige Ungdomsforbund. No: Norges KFUK/KFUM.

Orheim la stor vekt på det nasjonale: kristendom og norskdom.

"Dei unge i Noreg må vinnast for Gud," er ein song som talar sterkt om dette. Mange er det nok og som har sunge med glød: "Kor mykje stort, kor mykje gildt, kor mykje herlegdom - dei unge får som kjem til Gud og tidleg vender om."

Vi fekk synga mykje den kvelden, og det var fint å få vera med .Haram song fleire songar sjølv, m.a. "Eg fann min Gud i ungdomsår" som han gjorde til sitt personlege vitnemål.

Kristenkallet og tenesta i kvardagen tok Orheim fram i fleire av salmane sine. "Eg har ei teneste stor for Gud, frå dag til dag i det stille" og "Kvardagskristen vil eg vera, syn for segn det krev Guds ord. Samklang mellom liv og læra - det er himmelsong på jord."

Mange av songane går djupt inn i det vekkjande og personlege i kristendomen. "Ved Jesu føter ei stille stund" er vel ein av dei mest kjende songane hans.

Det var ein fin kveld i Vaksdal kyrkje. Du som ikkje fekk høve til å vera med, kan ta fram salme-bok og songbok og finna songane hans. I Songboka er det 13 songar av Orheim og i Norsk Salmebok er det 6 salmar. Forfattar-registeret finn du bak i boka.

Å, var eg meir deg, Jesus, lik

A, var eg meir deg, Jesus, lik,
så hjartevarm og god,
med same kjærleik utan svik
som du i striden stod!
Å, var eg meir med liv og tru
i alle ting som du, som du,
min Gud, kor sæl eg var!

Kven kan få sagt kor stort det var
at du kom til oss her,
og himlen ned på jorda bar
med song av englehær?
Å, var mitt liv ei himmelbru
i alle ting som du, som du,
min Gud, kor sæl eg var!

Så sjå meg i mitt hjarta inn,
min Frelsar kjær, og seg
om du der inne noko finn
som ikkje er av deg.
Du tankar, ord og liv må snu
mot deg, så eg vert meir som du,
min Gud, kor sæl eg er!

Ja, høy meg, høy meg ned for deg,
og set meg ved din fot!
alt stort og stolt du finn i meg,
du rive opp med rot!
På denne staden vil eg bu,
så vert eg meir som du, som du,
min Gud, kor sæl eg er!

Din strid, min Frelsar, var så stor
at sveitten rann som blod.
Å, send meg krafta av ditt ord
og gjev meg same mod!
Den fadersmil som tek all gru,
den får eg eg og, for den fekk du.
Min Gud, kor sæl eg er!

Matias Orheim

Nøkler – til vekst

Gode vers, favorittkapitler, dagens ord, mannakorn ...

Slik er det nok mange som tenker om sin Bibel. Men det ligger mye mer gjemt av skatter enn de fleste aner i Bibelen. Det gjelder bare å hente dem fram. Og til det trenges det hjelpemidler. Bibelleseringen har i mange år utgitt "Nøkler" som kan bidra til å alminneliggjøre Bibelen og la den bli en bruks- og hverdagbok. Nøklene hjelper leserne til å lese i hele Bibelen i sammenheng, dessuten regelmessig og planmessig, og med forståelse og ettertanke. Kort sagt et funn!

Følgende nøkler foreligger:

* **Juniornøkkelen** er laget for aldersgruppen 11-13 år.

* **Tenningsnøkkelen** er tilpasset ungdomsgruppen fra 14 år.

2.juledag

Matt 2,1-2

Veiviseren


Det var ikke bare hyrdene på Betlehemsmarkene som fikk vite at Frelseren var født.

Vismennene fra _____ hadde også fått beskjed, Hvordan? Stjernen viste vei like fram til Betlehem og Jesusbarnet.

Kan du en julesang som handler om dette?


Vi har også noe som hjelper oss til å finne Jesus. Finn svaret i de innrammede rutene.

1. Gir vi hverandre i jula
2. Ikke jeg, men...
3. Bilmerke
4. På himmelen



Tenk

Vismennene gav gaver.
Hva kan jeg gi til Jesus?



* **Bibelnøkkelen** passer for voksne lesere som kanskje har lest litt, men som trenger hjelp til ordne lesningen sin bedre.

Hva med en stille stund for Guds ansikt en eller to ganger i løpet av dagen? Hva med litt stille ettertanke over Bibelen? Hva med å få mer ut av Bibelen enn "de gode ord"? Hva med å oppdage noe i av sammenhengen i Guds store frelsesplan?

Hva med litt mer plan og orden på lesingen?

Bruk Bibelen og skaff deg nøkkelen!

I år er det en stor nyhet i Bibelnøkkelen:

På søndager blir søndagens tekst gjennomgått! Da kan du forberede deg til kirkegang og preken ved hjelp av nøkkelen.

Ellers i uken leser du etter en plan som

bringer deg gjennom *hele* Bibelen i løpet

av noen år. Det finnes menigheter som har

satt på systematisk bibelstudium – de har

opplevd vekst, ja, enda til vekkelse fordi

menigheten og den enkelte troende visste

hva han og hun trodde på og hvor de fant

maten for det åndelige liv – i Guds Ord.

Kopiert frå JUNIORNØKKELEN

med løyve frå

BIBELLESERINGEN

Boks 1527

0117 Oslo 1

1.juledag

Luk 2,8-20

Barnet i krybben

Hvem fikk samme natt greie på at Frelseren var født? V.8.

Hvordan reagerte gjeterne? V.9 _____

Fyll ut hva engelen sa:

Bokmål:

_____ ikke! Jeg kommer til dere med bud om en _____

_____. I dag er det født dere en _____ i

_____ Davids by;han er _____ V.10-11

Nynorsk:

Ver ikkje _____! Eg kjem med bod til dykk om ei

_____. I dag er det fødd dykk

ein _____ i Davids by;han er _____

_____. V.10-11

Det var så viktig for gjeterne å finne Jesus at de

Bokmål:

ksnyted = _____ seg av sted. V.16.

Nynorsk:

ndaksu = _____ dei seg dit. V.16

(Sett bokstavene rett sammen.)

I v.19 står det noe fint om Maria.

Les det en gang til.

Fikk du mange julegaver?
Jesus, verdens frelser, er
den største gaven du noen
gang vil få!




EN LITEN JULEHILSEN

Du trenger:

Svart kartong
hvitt tegneark
silkepapir, gul, hvit og orange.
lim
saks
blyant

1. Klipp ut mønsteret i den sorte pappen. Lag hull i midten først – du skal jo ikke spare på det du kutter vekk.
2. Klipp silkepapiret litt større enn mønsteret. Lim det på med lim.
3. Hvitt ark som er dobbelt så stort brettes. Lim bildet fast på forsiden med lite lim.




BLOMST

VANNRETT:

1. til dømes fork.
3. to like
4. årstid
6. «vi» på dialekt
7. blusehals
10. tørket drue
14. rusker, drar
16. fugler
17. artikkel
18. omganger
19. månefase
20. lever

LODDRETT:

1. ikke ville
2. kvinner
4. ski og ...
5. går
7. kroner fork.
8. trave
9. smerte
11. ditt...datt
12. Ingrid Evensen
13. nummer fork.
15. sildre
16. ikke over



KONGLEFUGL

Du trenger:

1 furukongle
rød og grønn filt
saks
tusj
lim
sytråd
nål



1. Klipp ut vinger og nebb etter malen. Vingene klippes i dobbel rød filt, nebbet i enkelt grønn filt.
2. Lim nebbet så det stikker fram mellom de to røde filtvingene, og lim hodet sammen.
3. Lim furukonglen fast til hodet, det vil si inni den forreste delen av vingene. Den bakerste delen av vingene skal henge fritt.
4. Tegn et tusjøye på hver sin side av hodet, og sy en sytråd til oppheng fast i vingene eller konglekroppen. Pass på at den balanserer.



3 SØNDAG I ADVENT

Matteus 11,2-10

– Gå og fortell Johannes hva dere hører og ser.


«Nå kommer'n!» Tom hadde stått i vinduet en god stund og sett etter om gjesten kom. De skulle få besøk i klassen av en kjent idrettsmann. «Slapp av Tom, det er tredje gangen du roper at nå kommer'n. Det er sikkert noen andre». Bjørn begynner å bli lei av alle de falske alarmene. «Jammen han har skiboks på taket og masse reklame over alt på bilen. Joda det er han, for han har sånn genser som alle på landslaget har.» Tom er sikker i sin sak nå. Bjørn ble overbevist han også, for nå kom han løpende bort til vinduet. «Du har nok rett du Tom.»

Det var mange som gikk og ventet på at Guds sønn skulle komme. Spesielt Døperen Johannes, for han hadde jobben med å fortelle at nå måtte folk gjøre seg klare for nå kommer Jesus snart. Johannes hadde hørt om alt det Jesus gjorde og lurte på om Jesus var den han ventet på. Han sendte disiplene sine for å spørre Jesus. Jesus ba da disiplene til Johannes å fortelle hva de så og hørte Jesus gjorde. Da skjønte Johannes at Jesus var den Guds sønn som han ventet på.

Bønn: Takk, kjære Jesus for at du viser oss at du er Guds Sønn.
Amen.

Julekryssord

- 1) Kven kom englebodskapen frå?
2. Kva har Gud gjort? (Joh. 3, 16)
(verda = oss)
3. Eit anna namn på Kristus?
4. Kva seier Jesus at han er? (Joh. 14, 6)
5. Namnet Jesus er det same som...
Luk. 2, 11
6. Englane kom med bod om det.
v. 10
7. Kven skulle ha grunn til å
gleda seg? v. 10



KRISTEN

BARNEOPPSEDING:

Kor tidleg skal vi byrja?

Mange foreldre har lurt på dette. - Borna skjønner jo ikkje stort så lenge dei er små, tenkjer dei. Kanskje det er best å venta med kristendom til dei vert større?

Til dette vil eg svara: Tvertimot! Byrja jo før, jo heller! Eg skal prøva å forklara kvifor.

Alle foreldre snakkar til borna sine heilt frå dei er speborn, sjølv om borna ikkje forstår orda. Likevel har dei utbytte av det. For dei merkar at nokon er glad i dei. Dessutan kan borna berre læra å snakka ved å høyra på andre. Det er ingen som vil venta med å snakka til borna sjølv har lært det, for då lærer dei det aldri!

På same vis går det an å folda hendene ved sida av borna og be for dei og syngja kristne songar. Små born skjønner ikkje orda, men dei lærer etter kvart. Slik veks dei i kristen tru og kunnskap. Og av klangen i mor og far sine stemmer skjønner dei at Guds namn vert knytta saman med ærefrykt og glede.

Små born skjønner ikkje tinga på ein slik måte at dei kan gjera greie for dei med fine ord. Men dei er i stand til å OPPLEVA. Dei kan kjenna tryggleik når hendene vert folda i bøn. Dei kan kjenna glede ved musikk og song. Og dei kan undra seg over fargar og lys i ei gudsteneste.

Kristen barneoppseding vil seia å gje vidare det beste vi har. Difor kan vi ikkje få byrja tidleg nok.

Kjell Arne Norum

Neste artikkel:

"Kristne grunnverdiar" - utan Jesus?

Å VERA FADDER - EIT PS.

I forrige nummer skreiv eg om kva ein fadder kan gjera for barnet. Ein viktig ting tok eg ikkje med: "TRIPP-TRAPP"! Dåpsring for heimane.

Tre gonger i året kan barnet få tilsendt ein eske med spanande innhald. Her er det hjelp til ein sunn og god utvikling for barnet og ei hjelp for dei vaksne til å halda løftet dei gav ved døpefonten. Her er det leiker, songkassetar, bøker, puslespel og mykje anna. Prestkontora kan gje nærare opplysningar.

Ønsker du hjelp til å

- aktivisere barnet ditt på en meningsfylt måte?
- stimulere barnet til en allsidig og rik utvikling?
- hjelpe barnet til å få et tillitsfullt forhold til Gud?

Da kan du få hjelp gjennom...



Postboks 173,
1430 ÅS, tlf. 09-94 37 60

hd-forlaget
stiftelsen hjemmenes dåpsring

Nå kommer sovjet-jødene hjem til Israel!



"Se, jeg fører dem fra landet i nord og samler dem fra jordens ytterste ende; blandt dem er det både blinde og halte, både fruktsommelige og fødende; som en stor skare skal de komme hit tilbake. Med gråt skal de komme og med ydmyke bønner, og jeg vil lede dem; jeg vil føre dem til rinnende bekker på en jevn vei, hvor de ikke skal snuble; for jeg er blitt en far for Israel, og Efraim er min første-fødte. Hør Herrens ord, I folk, og forkynn det på øene langt borte og si: Han som adspredte Israel, skal samle det og vokte det, som en hyrde vokter sin hjord." (Jeremias 31:8-10)

Unge sovjetiske familier søker en bedre fremtid i Israel. Denne flyreisen var betalt av HJELP JØDENE HJEM i Norge. Hjelp oss å hjelpe flere.



Profeti blir historie

Da vi en oktober-natt sto ute på flyplassen i Tel Aviv og så El Al flyet med 220 sovjetjøder lande, ble plutselig profeti til historie. De kom ned trappen fra flyet pre-

sis slik Jeremias hadde profetert. Noen kvinner var gravide, noen bar små barn på armen, gamle måtte ha en arm å støtte seg til, andre måtte bæres. Unge sterke mennesker kom sammen med åpenbart trette og syke. De sovjetiske jødene vender hjem til Israel! Flyet de kom med var betalt av Aksjonskomiteen HJELP JØDENE HJEM. Sjekken på nærmerer en halv million kroner var få dager i forveien gitt til Israels statsminister.

2500 hver dag

Det ankommer nå mellom 1500 - 2000 sovjetjøder til Israel hver dag, og det er vel knapt noen mer direkte måte vi kan hjelpe dem til Israel på enn å betale flyutgiftene. Det var sterke opplevelser og inntrykk for alle som var tilstede på flyplassen i Tel Aviv denne natten.

Stor overgang

Aksjonskomiteen HJELP JØDENE HJEM har hittil samlet inn rundt 6 millioner kroner i Norge for å hjelpe de sovjetiske jødene til rette i Israel. De ankommer Israel uten stort annet enn det de står og går i. De har vært trakassert og plaget i Russland, og nå skal de etablere seg på nytt i et land med helt annet språk, en annen kultur og en åpenhet og et demokrati de ikke kjenner.

De blir tatt vel imot i Israel, men landet trenger vår hjelp til å absorbere disse hundretusener nye innvandrere. Derfor fortsetter Aksjonskomiteen sin innsamling over postgiro 55 og bankgiro 55 ut dette året for å nå målet på 10 millioner kroner.

Utenriksdepartementet har bevilget en halv million, resten skal vi som fotfolk klare.

HJELP JØDENE HJEM!

Sovjet-jødene søker et nytt hjem i Israel. Du kan hjelpe dem!



Postgiro 55 Bankgiro 55
Aksjonskomiteen HJELP JØDENE HJEM
Colletsstgt. 43, 0456 Oslo 4

Dagen i dag

*Dagen i dag -
Herre, du gav han i nåde til meg,
Hjelp meg å gje han attende
i takksemi til deg
- dagen i dag.*

*Dagen i dag
ligg her og lyser, uflekka, rein,
så lett kan han sulkast
og fyllast med stein,
verta for nokon til fall og til mein,
dagen i dag.*

*Dagen i dag!
Herre, å hjelp meg å bruka han rett,
tena med glede der du har meg sett!
Dagleg få leva i bøna og Ondet,
gje meg til deg i det små og det store,
lata deg eiga min fot der eg fer,
så farleia alltid mot himmelen ber,
ta mot ditt ljøs, og så lysa for andre,
så saman me kunne på heimvegen vandre.
Herre, ta DL meg og bruk meg for deg
kvar einaste stund i den dag du meg gjev
- dagen i dag!*

DAVID P. KLØVE

Innsendt av Margit Kvamme

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda
Bladpengar: kr.50,-
Postgiro: 0804 5723473
Bankgiro: 3500.50.13117

Bladstyrar: Reidun Takvam
Boks 116
5280 Dalekvam
tlf.596133
Kasserar: Asle Georg Karlsen
Boge, 5270 Vaksdal
tlf.597232

Eksp. og trykk:
Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese
tlf. 05 - 555045
Retur til Øystese Trykkeri A/S
5610 Øystese

SØNDAGENS TEKST



3. søndag i advent, 16. desember
Matt 11,2-10

4. søndag i advent, 23. desember
Joh 1,19-27

Juleaften, 24. desember 1990
Luk 2,1-14

Julenatt/ottesang 24./25. desember
Luk 2,1-20

Juledag, 25. desember
Joh 1,1-14

2. juledag (Stefanusdagen), 26. desember
Matt 10,17-22

Søndag etter jul, 30. desember
Luk 2,25-38

Nyttårsaften, 31. desember
Luk 13,6-9

Nyttårsdag (Jesu navnedag), 1. januar
Jes 43,1-3a

Kristi åpenbaringsdag, 6. januar
Matt 2,1-12

1. s. e. Kr. åp.dag, 13. januar
Matt 3,13-17

Vingårdssøndagen, 20. januar
Matt 20,1-16

Såmannssøndagen, 27. januar
Luk 8,4-15

Kristi forklarelsesdag, 3. februar
Åp 1,9-18



SLEKTERS GANG

Døypte




VAKSDAL

04.11 Anja Rolland
18.11 Espen Stalheim

STAMNES

11.11 Merethe Bryn



...at dei må verta
verande hjå Kristus når
dei veks opp, liksom
dei ved dåpen er inn-
pota i han.

Avlidne



DALE

21.09 Olav Sæterdal f.1921
03.11 Ingjald Johannes Dale f.1921
07.11 Hildur Arne f.1917
14.11 Ingeborg Dale f.1914

VAKSDAL

02.11 Kristian Dahl f.1955

STAMNES

10.10 Borgny Simmenes f.1906

EIDSLAND

30.10 Jacob Viktor Næss f.1897



...at me må læra å
telja våre dagar, så me
kan få visdom i hjarta.

Et land vi kjenner

Tone: Med Jesus vil eg fara

*Der er et land vi kjenner,
å, tenk om vi var der
det alt til glede vender,
der Jesus selv jo er.
Det stedet vi får hvile,
med rette hjertero
ja, vi må trofast ile,
der skal vi evig bo.*

*Mens vi er her i verden,
vi daglig vandrer frem
han hjelper oss på ferden,
til Himlens sabats hjem.
Hvor solen aldri daler
og natten ei er mer
i Himlens lyse saler,
hvor Jesus lyset er.*

*Her skal vi bare være,
ja kun en liten tid
tålmodighet vi lærer,
i syndens bitre strid.
Men frelst en gang fra nøden,
skal komme hjem en gang
og fri fra sorg og døden,
vi synger lammets sang.*

*Det hjem har Jesus vunnet,
da han led korsets død
i ham der har jeg funnet
en venn i sorg og nød.
Han vandrer ved min side,
i hva meg møter enn
i motgangs bitre tider
han er en trofast venn.*

*Ja skal vi lykken vinne
her nede på vår jord
da må vi Jesus finne,
så sier Herrens ord.
Da gleder vi hans hjerte,
som hardt i striden stod
som led den store smerte
og gav sitt eget blod.*

JOHN STØLE

50 års konfirmantar på Dale

30. september var 21 av dei som blei konfirmert hausten 1940, samla til gudsteneste i kyrkja og fest i Dalekjellaren. Nokre ektefeller var òg med. Dale sokneråd hadde laga til betasuppe, kaffe og kaker. Arvid Kleveland, fløyte, Lars Ragnvaldsen, piano og Ragnar Takvam, fiolin, presenterte fin musikk og Ragnvald Kringlebotten underheldt med opplesing. Det var ein glad flokk som var samla, og dei var sers takksame for dette høvet til å treffast igjen.



Frå venstre: Ottar Faugstad, Wenche Seim, Nils Seim, fru Rødland, Olav Rødland og Olav Bruvik.



Frå venstre: Dennis Pedersen, Karen Pedersen, fru Ervik, Alfred Ervik, Bjelland og Ragnhild Thunestveit Bjelland.

Nytt frå sokneråda

RESTAURERING AV DEN GAMLE ALTARTAVLA PÅ STAMNES

Ja, no er endeleg den gamle altartavla komen attende til Stamnes kyrkje, der den høyrer heime.


Det var på haustparten i 1987 at soknerådet fekk melding om at riksantikvaren var interessert i å restaurera altartavla, dersom det vart ordna med transport. Litt utpå etterjuls vinteren 1988 vart altartavla så frakta med varsemnd til fylkeskonseratoren på Stend som skulle stå for sjølve restaureringsarbeidet.

Altartavla er frå omlag 1750 og har hatt sin plass over preikestolen i Stamnes kyrkja i alle fall i over 50 år. Det er ei litt spesiell tavle, med vel avvegne former. Ho er i tre høgder, med bilete av nattverden nederst. Over kjem eit bilete av Jesus på krossen, med Maria og Johannes ved krossfoten. Toppbiletet syner oppstoda.

Ta ein titt på den gamle altartavla neste gong du er i kyrkja, og legg merke til det dyktig utførte restaureringsarbeidet. For dei som hugsar kor medteken tavla var (ho heldt på å falla frå einannan), tykkjest det mest utruleg at det er mogleg å fornya eit så gamalt bilete så godt. All æra for arbeidet som vart utført av teknisk konservator Odd Næss. Dette var noko av det aller siste han fekk fullføra, han døydde rett etter at tavla var ferdig restaurert. Dette gjer sjølvsagt tavla ekstra verdfull for kyrkjelyden.

Så får me vona at tavla kan gjera nytten sin i enno mange år, med si påminning til oss alle om det storverk Jesus gjorde - for ætter som har gått i grav og for noverande og komande slekter.

Asbjørn Ekse



VÅKSDAL

Vaksdal kyrkje har vore plaga med fuktighet som har sige inn ved tårnlukene i muren. Det viktigaste er no gjort for å bøta på dette.

Ved det nyaste feltet på gravplassen har det vore eit uventa stort vanntilsig i dårleg vær. Her er det no drenert.

Eit reiskapshus er under bygging ved sida av gravplassen. Det vil og koma ein bosscontainer til.

Soknerådet arbeider framleis for å få flytta steingjerdet, slik at det vert ståande langs det nye feltet i staden for innover på gravplassen, slik som no.

DALE

Til jul reknar vi med at dei nye putene i Dale kyrkje er på plass. Dei vert laga hjå SKISMA. PRODUKTER A/S i Fotlandsvåg. Det er i alt 20 sklisikre puter som kvar dekkjer ein halv benk. Meir hadde vi ikkje pengar til i denne omgang, men vonar at fleire kan koma til seinare.

Kontoret til organisten er pussa opp. Det har vore lekkasje, som ein no reknar med at ein har fått tetta att.

Harald Aksnes, Norheimsund, har teikna planteplan for heile resten av Dale kyrkjegard. Han har og kome med ein del merknader om ting som bør rettast på for at kyrkjegarden skal få eit verdigare preg. Dale sokneråd vonar at det er midlar på 1991-budsjettet til at ein del av plantingene kan skje til våren.


Nokon å snakka med

Prestane har teieplikt. Dersom du treng nokon å snakka med, står vi til disposisjon. Vi veit at mange går og slit med vanskelege ting. Ta kontakt dersom du trur at vi kan hjelpa deg!

Prestane i Vaksdal

ORGELKONTRAKTEN

ER UNDERTEIKNA



Det nye orgelet er no tinga til Vaksdal kyrkje. Jemlich Orgelbau i Tyskland byggjer det med 20 stemmer. Byggjetida er korta ned frå to år og til eitt år, slik at det vert ferdig i november neste år. Det er ein uvanleg kort byggjetid.

Innsamlinga har teke ei god pause. Snart må vi ta til med innspurten. MÅLET ER I SIKTE!

KANO

WEEK-END FOR GUTE- OG JENTE LAGET I EKSINGEDALEN

17.-18. november var vi samle på Fagertun ca. 30 ungar og leiarar, for å inspirera kvarande til ny innsats framover.

Det var gutelaget i Eksingedalen som skulle ha utlodding av det dei hadde streva med å laga gjennom året til inntekt for Fagertun.

Det er vorte ein god tradisjon å samlast til week-end før ein har basar. Og det viste seg at både leiarar og deltakarar hadde godt av å koma saman og høyra om Jesus. Vi hadde bibeltimar både laurdag og sundag, og på laurdagskvelden var det kosekveld med mat og moro.

Endeleg kom den store dagen når alt som var laga og som ungene hadde kava og sveitta over og skofta både fritid og mykje anna for, skulle fram på bordet. Det var ting som dei hadde lagt all sin flid ned i. Det var 17 gevinstar i kvar trekning, og det var 3 trekningar i alt, så ein kan sjølv tenkja seg kva arbeid dei har hatt. Utanom var det gevinstar som skulle trekkast utanom åre- salet.

Jau, her måtte ein vera med å støtta arbeidet til guteklubben, og det gjorde dei og der oppe i dalen. Fagertun var fullsett, og det såg ut til at dei fleste hadde noko med seg heim att og. Om det ikkje var gevinstar, så fekk no alle høyra om Jesus, som skal vera drivkrafta i arbeidet, og som skal vera midtpunktet på Fagertun. Så du som ikkje var der, kan angra på det, men du kan fortsatt vera med å gi di gåve til eit godt formål, slik Fagertun er.

Om du ynskjer det, kan du senda gåva til:
NORGES SAMEMISJON
Sparebankgaten 4 A
5017 Bergen

Bankgiro 8401.30.14417
Postgiro 0814 3789765 "GÅVE TIL FAGERTUN"
"GÅVE TIL FAGERTUN"

Med helsing
Mathias Lie

NYTTÅRSLEIR PÅ FAGERTUN

29.12 - 1.1.91

ALDER: Frå 8.kl.og oppover.

BRUK JULEFERIEN RETT.

Dra på nyttårsleir til Fagertun.
Nyt nyttårsfeiringa i lag med gamle og nye kameratar.

MAGNUS M. OEN blir med.

Inviter med deg ein ven eller veninne.

Det blir fyrverkeri,peiskos,festmiddag,son og musikk og mykje meir.

PÅMELDING TIL ODD ALVHEIM -595058 eller til Norges Samemisjon sitt kontor - 316506 innan 17.des.

PRIS kr.300 pr.person.
kr.25 i søskenmoderasjon.

VELKOMEN



Den største gjest

Vask ditt hus,
puss ditt sølv,
sett lys i din stake;
hvis du ikke også
har innbudt
Lysets Herre til gjest,
faller skygger
over ditt bord.
Fra krokene
kommer tomheten listende
og ordene henger i luften
fulle av larm.

Ingrid Vibe-Müller



KYRKJEKAFFE I DALEKJELLAREN

Dale sokneråd har dette året skipa til kyrkjekaffe i Dalekjellaren 3 gonger, og det har vore godt fram møte og positiv respons på arrangementa.50 års konfirmantfesten var òg der.

For komande halvår har soknerådet planlagt fleire samlingar i Dalekjellaren som er det lokalet som vi kan bruka til kyrkjekaffe, festar o.l. Måndagane har speidarane møte der. Soknerådet kan disponera midlar som før gjekk til drift av "Moseshuset" til leige av Dalekjellaren til kyrkjelydsarbeid fram til det nye bedehuset kan takst i bruk.

SUNDAG 20.JANUAR vert det kyrkjekaffe etter familie gudstenesta der 4.kl.på Dale og Stanghelle får utdelt "Godt Nytt" - Det nye Testamentet.Gudstenesta byrjar kl.11.00

SUNDAG 3.FEBRUAR vert det ein utvida samling etter gudstenesta som byrjar kl.18.00.Skal vi våga å kalla det årsmøte/kyrkjelydsfest?Vonar at mange vil setta av denne kvelden til denne samlinga.Vel møtt til alle!



JULEFESTAR

SØNDAGSSKULEFEST
28.DESEMBER kl.17.00
i VAKSDAL BEDEHUS
Festen er for både store og små.

VAKSDAL INDREMISJON
29.DESEMBER JULEFEST
FOR HEILE FAMILIEN
Rasmus Skurtveit talar.

STANGHELLE BEDEHUS
JULEFEST 13.JANUAR

Festen er open for alle,men er lagt opp særleg med tanke på borna.

Klokkeslett: Sjå plakat.

STANGHELLE SØNDAGSSKULE OG
STANGHELLE INDREMISJON

Helsing til KYRKJEBLADET

Takk for tilsendt kyrkjeblad,også etter eg skifta over (i 1984) frå sokneprest i Osterøy til "fast vikarprest" i Bjørgvin!

Eg har vikariert litt i dykkar prosti, lengst i Ulvik.For tida er eg fungerande sokneprest i Gulen,Ytre Sogn.Er med i redaksjonen for den kyrkehistoriske årboka for Bjørgvin.

Eg skriv ofte i bladet "Stille stunder" som blir redigert av sokneprest Ådne Skiftun.Han er brorson av tidlegare sokneprest i Vaksdal,Gudmund Skiftun.

Helsing fast vikarprest

Nils-Aksel Mjøs
Strimmelen 28
5030 Landås



ADVENTSFEST
16.DES.kl.16.00
STRAUME UNGDOMSHUS

Adventsfest for små og store.
Nils Arne Lavik held andakt og viser lysbilete.

Kvar tar med seg mat,kaffi,brus.

SØNDAGSSKULEN SIN JULEFEST
I STAMNES BEDEHUS
28.des.kl.17.



STOFF TIL KYRKJEBLADET

SLÅ PÅ TRÅDEN
ELLER SEND MEG NOKRE ORD
OM DU HAR STOFF TIL BLADET.

NR.1 - 1991 kjem ut i veke 6,
og frist for innlevering av
stoff er 18.januar.

Helsing Reidun

VELKOMEN TIL KYRKJE



23. desember - 4. søndag i advent

BERGSDALEN kl. 11. Sæbø.

EIDSLAND kl. 11. Fam.gudst.Norum.

24. desember - Julaften

NESHEIM kl. 11. Fam.gudst.Meidell.

Offer til Bergen Søndagsskolekrets.
Kyrkjeskys: Buss frå Høvik kl. 10.00

STAMNES kl. 13. Fam.gudst.Norum. Offer
til Norsk Luthersk Misjonssamband.

DALE kl. 15. og kl. 16. Fam.gudst.
Meidell. Offer til Dale og Stanghelle
søndagsskular.

VAKSDAL kl. 16. Fam.gudst.Norum.
Offer til Kirkens Nødhjelp.

25. desember - 1. Juledag

DALE kl. 11. Høgtidsgudsteneste, Norum.
Offer til Menighetsfakultetet.

VAKSDAL kl. 11. Høgtidsgudsteneste, Meidell
Offer til Det Norske Bibelselskap.

26. desember - 2. Juledag

STAMNES kl. 11. Høgtidsgudsteneste, Norum
Nattverd. Offer til speidarane på Stamnes.

EKSINGEDALEN kl. 11. Høgtidsgudsteneste
Meidell. Offer til Den Norske Sjømannsmisj.

30. desember - Søndag etter jul

EIDSLAND kl. 11. Norum. Nattverd. Offer
til Den Norske Santalmisjon.

31. desember - Nyårsaftan

STAMNES kl. 23.15 Norum.

VAKSDAL kl. 23.15 Meidell.

1. januar - 1. Nyårsdag

DALE kl. 11. Meidell. Nattverd. Offer til
Misjonshøgskulen.

BERGSDALEN kl. 11. Norum. Nattverd.

6. januar - Kristi openberringsdag

NESHEIM kl. 11. Norum. Nattverd.

STANGHELLE kl. 18. Norum. Nattverd.

13. januar - 1. sønd. e. Kr. openberr.

VAKSDAL kl. 11. Norum. Nattverd.

STAMNES kl. 11. Meidell. Nattverd.

20. januar - Vingardssøndagen

DALE kl. 11. Fam.gudst.Meidell. Utdeling
av GODT NYTT til 4.kl.

EIDSLAND kl. 11. Norum. Nattverd.

27. januar - Sámannssøndagen

VAKSDAL kl. 18. Sæbø. Nattverd.

EKSINGEDALEN kl. 11. Fam.gudst.Meidell.

3. februar - Kristi Forklåringsdag

STAMNES kl. 11. Norum. Nattverd.

BERGSDALEN kl. 11. Meidell. Nattverd.

DALE kl. 18. Norum. Nattverd.

Vaksdal prestegjeld

Sokneprest
Inge Christian Meidell
tlf. 59 61 20

Res.kap.
Kjell Arne Norum
tlf. 59 70 88
Mobiltlf.: 090 - 02992

Hugs, måndag er presten
sin fridag!